








Piosenka Sakimy

Sakimas song

-  Ursula Nafula
-  Peris Wachuka
-  Aleksandra Migorska
-  polsk / nynorsk
-  nivå 3



Sakima mieszkał z rodzicami i czteroletnią siostrą na łądzie bogacza. Mieszkali w pokrytej trawą chacie, która stała blisko drzew.

...

Sakima budde saman med foreldra sine og si fire år gamle syster. Dei budde på egedomen til ein rik mann. Hytta deira hadde stråtak og låg ved enden av ei rad med tre.



Gdy Sakima miał trzy lata, zachorował i stracił wzrok. Ale mimo to, był utalentowanym chłopcem.

...

Då Sakima var tre år gammal, vart han sjuk og miste synet. Sakima var ein gut med mange talent.



Sakima robił wiele rzeczy, których nie potrafili robić jego rówieśnicy. Zasiadał na przykład ze starszymi w wiosce i omawiał z nimi ważne sprawy.

...

Sakima kunne mange ting som andre seksåringar ikkje kunne. Til dømes kunne han sitja med eldre landsbymedlemmar og diskutera viktige saker.



Rodzice Sakima pracowali na łądzie bogacza. Wychodzili z domu wcześniej rano i wracali późnym wieczorem. Sakima zostawał wtedy w domu, aby opiekować się siostrą.

...

Sakima sine foreldre jobba i huset til den rike mannen. Dei drog tidleg om morgonen og kom tilbake seint på kvelden. Sakima vart igjen saman med veslesyster si.



Sakima uwielbiał śpiewać. Pewnego dnia matka zapytała go: „Skąd znasz te wszystkie piosenki?”

...

Sakima elsker å synga songar. Ein dag spurde mor hans han: “Kor har du lært desse songane, Sakima?”



„Słyszę je w mojej głowie i śpiewam, po prostu przychodzą do mnie” – odpowiedział chłopiec.

...

Sakima svara: “Dei kjem berre, mamma. Eg høyrer dei i hovudet mitt og så syng eg.”



Sakima lubił śpiewać dla młodszej siostry, szczególnie, gdy była głodna. Siostra słuchała, gdy śpiewał swoją ulubioną piosenkę i kołysała się w jej rytm.

...

Sakima likte å synga for veslesyster si, særleg viss ho var svolten. Syster hans brukte å høyra på at han song yndlingssongen sin. Ho rørde seg til den lindrande låten.



„Sakima, czy możesz zaśpiewać tę piosenkę jeszcze raz?” – prosiła. Sakima zgodził się i śpiewał piosenkę od początku.

...

“Kan du synga han igjen og igjen, Sakima?” brukte syster hans å be han. Sakima aksepterte og song han igjen og igjen.



Pewnego dnia, gdy rodzice wrócili do domu byli bardzo małomówni. Sakima czuł, że coś się stało.

...

Ein kveld då foreldra hans kom heim, var dei veldig stille. Sakima visste at noko var gale.



„Mamo, tato, co się stało?” – zapytał chłopiec. Okazało się, że zaginął syn bogacza. Bogacz był załamany.

...

“Kva er i vegen, mamma, pappa?” spurde Sakima. Sakima fekk vita at sonen til den rike mannen var borte. Mannen var veldig lei seg og einsam.



„Zaśpiewam dla niego. Może znowu będzie szczęśliwy” – Sakima zaproponował. Rodzicom nie podobał się ten pomysł: „To jest bardzo bogaty człowiek, a ty jesteś tylko niewidomym chłopcem. Naprawdę myślisz, że możesz pomóc bogaczowi?”

...

“Eg kan synga for han. Kanskje han vert glad igjen”, sa Sakima til foreldra sine. Men foreldra hans avfeia han. “Han er veldig rik. Du er berre ein blind gut. Trur du songen din kjem til å hjelpa han?”



Sakima nie poddawał się. Jego siostra postanowiła go wesprzeć: „Piosenki Sakima pomagają mi, gdy jestem głodna. Pomogą również bogaczowi!”

...


Likevel gav ikkje Sakima opp. Veslesyster hans støtta han. Ho sa: “Songane til Sakima er lindrande når eg er svolten. Dei kjem til å verka lindrande på den rike mannen òg.”



Następnego dnia Sakima poprosił siostrę, aby zaprowadziła go do domu bogacza.

...


Neste dag bad Sakima veslesyster si om å leia han til huset til den rike mannen.



Sakima stanął pod dużym oknem domu bogacza i zaczął śpiewać swoją ulubioną pieśń. Po chwili z okna wychyliła się głowa bogacza.

...


Han stod nedanfor eit stort vindauge og byrja å synga favorittsongen sin. Sakte byrja hovudet til den rike mannen å visa seg gjennom det store vindauget.



Pracownicy bogacza zaprzestali pracy, aby posłuchać głosu Sakima. Jeden z nich powiedział: „Nikt nie był w stanie pocieszyć bogacza. Czy ten niewidomy chłopiec naprawdę myśli, że może go pocieszyć?”

...

Arbeidarane stoppa det dei heldt på med. Dei høyrde på den vene songen til Sakima. Men éin mann sa: “Ingen har vore i stand til å trøysta sjefen. Trur denne blinde guten at han kan trøysta han?”



Sakima skończył śpiewać i odwrócił się, aby odejść. Ku zaskoczeniu wszystkich, bogacz wybiegł z domu i powiedział: „Proszę zaśpiewaj jeszcze raz.”

...


Sakima var ferdig med å synga songen og snudde seg for å dra. Men den rike mannen skunda seg ut og sa: “Ver så snill og syng igjen.”



W tym samym momencie, dwóch mężczyzn przyniosło kogoś na noszach. Był to syn bogacza, którego znaleziono pobitego na poboczu drogi.

...

I same augneblink kom det to menn berande på ei bære. Dei hadde funne sonen til den rike mannen banka opp og forlaten i vegkanten.



Bogacz był bardzo szczęśliwy, że jego syn się odnalazł! Zabierając swojego syna do szpitala, zabrał tam również Sakimę, aby lekarze pomogli mu odzyskać wzrok. Chciał w ten sposób podziękować Sakimie za jego pomoc.

...

Den rike mannen var veldig glad for å sjå sonen sin igjen. Han lønte Sakima for at han trøysta han. Han tok sonen sin og Sakima med til sjukehuset slik at Sakima kunne få synet tilbake.



Barnebøker for Norge

barneboker.no

Piosenka Sakimy

Sakimas song

Skrevet av: Ursula Nafula

Illustret av: Peris Wachuka

Oversatt av: Aleksandra Migorska (pl), Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand (nn)

Denne fortellingen kommer fra African Storybook (africanstorybook.org) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge (barneboker.no), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons
[Navngivelse 4.0 Internasjonal Lisens](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/).